

Årsplan Ulvik barnehage 2022-2023



Velkomen til Ulvik barnehage

Barnehagen ligg på Lekve, ca. to km. frå Ulvik sentrum. Me har stort og flott uteområde, og tilgang til eit nærmiljø der me kan få både natur- og kulturopplevingar.

Barnehagen har fire avdelingar, med til saman rundt 46-50 barn. I tillegg har barnehagen ein modul; Gråtas.Tommeliten vert no brukt til bibliotek, grupperom, møterom og eventuelt avlastning for avdelingane. Gråtass vert dette året brukt som småbarnsavdeling i staden for Tommeliten.

Me er ca 15 tilsette, nokre arbeidar deltid.

Ulvik herad er ein heilskap og barnehagen er ein viktig del av denne. Barnehagen skal tilby dei yngste innbyggjarane ein god samspels- og utviklingsarena.

Barnehagen vert også ein viktig møteplass for foreldra, og me har eit aktivt Samarbeidsutval og Foreldreråd.

Det faglege nivået i barnehagen skal vera høgt, og me arbeider for at personalet får utvikla og byggja på den faglege kompetansen sin.

Barnehagen er med i samarbeidet Hardanger/Voss kompetanseregion om Tilsyn og Vurdering. Dette skal vera med på å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.

Hovudmålet for barnehagen er «Ein plass der alle trivst». Målet gjeld for barn og vaksne og skal verta oppnådd gjennom fylgjande delmål: Den enkelte skal bli sett og høyrte, få utfordringar og oppleve meistring. Alle skal kjenne tryggleik, respekt og likeverd, oppleve gleda/humor og vera med på å bestemme / påverke eigen kvardag.

Tlf: KONTOR STYRAR: 56527150 / 40007140

Tlf: ASKELADDEN 56527156 / 40007194


Tlf: TYRIHANS: 56527155 / 40007195

Tlf :VESLEFRIKK 56527154 / 40007123

Tlf: GRÅTASS: 40007165



Tilsette 2022/2023



Styrar:	Sonja Haugland	100%
<u>Gråtass:</u> Barn født i 2019, 2020 og 2021	Edel-Kristin Erdal Ina Helen Mo Hilde Skree Hjortland Halima Alrashid	Pedagogisk leiar 100% Fagarbeidar 100% Assistent 50% Assistent 50%
<u>Veslefrikk:</u> Barn født i 2020 og 2021	Linn Løvtangen Skeie Kari Margrete Haugland Ulgenes June Nyløy Espelid Caroline Mackay Freim	Pedagogisk leiar 80% Spesialpedagog 20% Fagarbeidar 80% Assistent 100% Assistent 40%
<u>Tyrihans:</u> Barn født i 2018 og 2019	Anja Helene Berge Cecile Røed Jakobsen Tonje Vaagø Erdal Meriem El Ibadi	Pedagogisk leiar 100% Barnehagelærer 50% Assistent 100% Assistent 50%
<u>Askeladden:</u> Barn født i 2017	Ida Opedal Cecile Røed Jakobsen Kjersti Billdal Syse Caroline Mackay Freim	Pedagogisk leiar 100% Barnehagelærer 50% Assistent 100% Assistent 50%
Lærning	Vilde Børsheim Låstad	100%

Dagsrytme

07.15 opnar for barn som har meldt om behov for tidleg start.
(skriftleg avtale*)

07.30 Alle avdelingane opnar

Fri lek, rolege aktivitetar

08.30 - 09.00 Frukost

09.30 Samling, grupper, lek ute/lek inne

11.30 - 12.00 Måltid på Veslefrikk og Gråtass

12.00 - 12.30 Måltid på Askeladden og Tyrihans

12.30 - 14.00 Lek ute/inne. Kvile for dei yngste


14.30 Fruktstund


14.45 Lek ute/inne

16.30 Barnehagen stengjer (16.15 for dei med avtale*)

Kjernetida er mellom 10.00-14.00. Barna må vera komne i barnehagen til kl.10.00 eller gje beskjed til barnehagen om ein kjem seinare. Er ikkje barna kome til 10.00 og det ikkje har kome beskjed, vert barna registrert som ikkje møtt.

**Tidleg tidleg avtale er ein avtale om opphaldstid mellom 7.15 og 16.15. Det betyr at borna må vera henta innan 16.15 kvar dag uavhengig om bornet er levert 7.15.*





Pedagogisk innhald

(Barnehagelova §1)

Barnehagen er det første frivillige steget i utdanningssystemet. Gjennom barnehagelova og rammeplan er barnehagane tillagt eit viktig pedagogisk samfunnsoppdrag. Barnehagen sin kvalitet er knytt til arbeidet med barna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til med- virkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Nærmiljø

ø og

samfunn

Dei ulike fagområda i barnehagen er:

Kommunikasjon, språk og tekst

Kropp, rørsle, mat og helse

Kunst, kultur og kreativitet

Natur, miljø og teknologi

Mengd, rom og form


Etikk, religion og filosofi

Dei 7 fagområda i rammeplanen

Barnehagen sin arbeidsmåte er i stor grad tverrfagleg. Fagområda vil difor sjeldan opptre isolert. Dei vil vera vevd saman med kvarandre i glidande overgangar.

Fokusområde 2022/2023:

- ***Leik***
- ***Inkluderande barnehage miljø***
- ***Natur, miljø og teknologi***
- ***Nærmiljø og samfunn***



Visjon - full av lyst

Ulvik herad har jobba fram ein visjon der rådmann, einingsleiar, mellomleiar, tillitsvalde og politikarar har vore aktive medspelarar.

Visjonen er bilete av verksemda si framtid som me ynskjer å skapa saman.

Barnehagen har i denne samanheng utarbeidd hovudmål og delmål for si eining, og dei skal gjelda for barn og vaksne.

Delmål:

Me skal jobba for at:

- alle vert sett og høyr
- alle får utfordringar og opplever meistring
- alle kjenner tryggleik, respekt og likeverd
- alle får ha medverknad på eigen kvardag
- glede og humor pregar kvardagen
- alle skal vera høflege, imøtekomande og visa respekt for kvarandre.



Denne visjonen beheld me til Heradet evt har utarbeidd ein endra visjon.

Retningslinjer ved sjukdom:

Feber: Barn med feber skal vera heime frå barnehagen. Har dei fått febernedsettjande medisin reknast dei likevel som sjuke. Etter fleire dagars sjukdom bør barnet få ein feberfri dag heime før dei kjem i barnehagen.

Omgangssjuke: Barn med oppkast/diaré skal haldast heime i **48 timar** etter at dei er symptomfri.

Lus: Barnet kan gå i barnehagen etter at behandling er påbegynt.


Reglar for annan sjukdom finn de på heimesidene til Ulvik Herad.

Nb: Sjå egne retningslinjer for Covid-19

Kjelde: Retningslinjer barns sjukdom, ulvikherad.no

Private leiker

I Ulvik barnehage ynskjer me ikkje at barna skal ha med seg private leiker/ting i barnehagen. Det er med på å synlegjera forskjeller og å stengje ute barn. Unntaket er på småbarnsavdelinger der barna sjølvsagt kan ha med seg kosebamse.



Klede til barna

I garderoben har barna kvar sin kasse til skifteklede.

Her ynskje me at det til ein kvar tid skal liggja:

- Truser og sokker
- Strømpebukse
- Bukser
- Gensarar

Haust og vinter:

- Varme klede
- Votter
- Hua
- Hals

Sommar:

- Solkrem
- Solhatt/caps
- lettare klede

- **Hugs å merka kleda med navnet til barna.**

- Hugs å ta med skitne kle heim for vask.
- Sjekk igjennom korgene og pass på at det er nok skifteklede. Det er foreldra sitt ansvar 😊

Bursdagsfeiring

Ulvik barnehage feirer me kvart enkelt barn sin bursdag. Me lagar krune til dei, og har bursdagssamlingstund.

Det er noko ulik praksis på avdelingane. Nokre har bursdagsdisko og nokon har eige fruktfat til bursdagsbarnet. Vårt felles fokus på alle avdelingane er at barnet er i fokus og målet er at barnet skal ha ein fin bursdag i barnehagen.

Barnehagen sine samarbeidspartar



Tverrfagleg team:

Barnehagen i heradet deltek i tverrfagleg samarbeidsgruppe. Det skal vera møte 2-3 gonger i året. I gruppa deltek: barnehagestyrar/pedagogisk leiari, helsesjukepleiar, spesialpedagog, ein representant frå barnevernstenesta og ein representant frå PPT.

Foreldra:

Foreldra er viktige støttespelarar for barnehagen. Det grunnlaget som heimen gjev barna, vil barna prøva ut og vidareutvikla i barnehagen. Grunnlaget vil bli utvida, barna vil oppleve nye ting og utvikla nye relasjonar. Det er difor viktig, og sjølv sagt, å ha eit aktivt foreldresamarbeid. Me ynskjer å skapa eit godt og ope klima der foreldra er trygge på at barna deira vert teken godt vare på, og det vert lagt til rette for eit godt leike- og læringsmiljø og gode opplevingar.

Det er viktig å ha ein open og god dialog mellom foreldra og personalet. For å oppnå dette har me:

- God dialog ved bringing og henting
- Foreldresamtalar (tilbod 2 gonger i året og etter ynskje)
- Foreldremøte (1-2 gonger i året)
- Samarbeidsutval/FAU
- Årsplan, fagplan og vekeplan/månadsplan
- Dokumentasjon gjennom bilete og tekst (Minnepermar, månadsskriv m.m.)
- Brukarundersøkingar
- Ulike arrangement (Påskefrukost, sommarfest m.m.)
- Barnehagen brukar Visma flyt barnehage.

FAU oppmodar alle foreldre til å visa skjønn når ein inviterar til bursdagsselskap, slik at ingen born vert ekskludert. FAU oppmodar også til at alle invitasjonar vert levert privat og ikkje i barnehagen.



Samarbeid mellom skule og barnehage:

Ulvik herad har plan for overgang frå barnehage til skule.

Redusert foreldresbetaling:

Ein kan søka om redusert foreldrebetaling. Meir info finn ein på heradet sine heimesider.


BTI:

Ulvik herad deltek i interkommunalt samarbeidsprosjekt der målet er at ulike hjelpetenester skal få til eit betre samarbeid på tvers.

Andre:

Barnehagen har også desse samarbeidspartnarane: helsesjukepleiar, fysioterapeut pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT), BUP, logoped, BTI spesialpedagog, Hardanger/Voss kompetansesenter og barnevernstenesta. Foreldra kan sjølve ta kontakt med PPT og spesialpedagog ved bekymring og spørsmål. Barnehagen har også eit samarbeid med Slow Food.

Visma Flyt Barnehage



Visma Min Barnehage-appen er ei teneste der du som føresett enkelt kan kommunisera med din barnehage og enkelt fylgja med på ditt barna sin kvardag i barnehagen.

Med Min Barnehage-appen kan du enkelt:

- Motta og sende meldingar med barnehagen.
- Registrera fråvær ved sjukt barn eller fri.
- Registrera ferie innanfor fristen som står i årsplanen.

(Nb: Godkjend ferie må vera registrert min 3 dagar før, ellers er det fri)

- Motta dagbok som fortel om barnet sine små og store opplevingar i barnehagen, i form av tekst og bildedeling.
- Gje eller avslå samtykke.

Kort sagt gjer Min Barnehage-appen informasjon lett tilgjengeleg og dialogen mellom foreldre og barnehagen blir enklare og meir effektiv.

Kvar tredje måned må ein logga seg på nytt med bank id. Dette får ein pr. dags dato ikkje beskjed om.



NB: Det er svært viktig at alle foresette brukar appen. Det er det viktigste verktøyet me har her i barnehagen og me brukar ikkje lenger mail.

Visma Flyt Barnehage

Visma flyt barnehage har ulike funksjonar

Visma flyt tilsett:

- Gjer personalet øvesikt øve barn på alle avdelingar.
- Personalet registrerer når barna kjem og når dei vert henta.
- Det vert sendt ut meldingar og orienteringar til foreldra.

(eks: vekeplan/månadsplan)

- Det vert skrive dagbøker om hendingar og markeringar i barnehagen.
- Det vert lagt inn markering for allergiar og matreservasjonar.
- Ein brukar teljelister når ein er på tur og på uteområdet.
- Det vert brukt sovelister som foreldra og har tilgang til.

Visma flyt barnehage har digitale søknadsskjema ved opptak og endring av barnehageplass.

Foreldre går inn på www.ulvik.kommune.no under barnehage og finn søknad om barnehageplass. Ein logger inn og sender søknad digitalt. Foreldre går inn på same adresse og svarar på om ein tek i mot plassen eller ikkje innan svarfrist i tilbodsbrief.



Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd, er å gje barna et tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vera grunnngjeve i barnehagelova og rammeplanen.

Planlegging gjer personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa.

Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

Dokumentasjon

Barnehagen har årsplan, halvårsrapportar, månadsskriv og vekeplanar/månadsplanar. Det meste av informasjon vert sendt ut på Visma til foreldra. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet og til informasjon for foreldra.

Det er ei informasjonstavle i gangen på kvar avdeling, der det vert hengt opp diverse informasjon og eventuelle bilete frå hendingar. Av og til vert det lagt i hylla på papir. Det kjem ut informasjon frå styrar, frå pedagogisk leiar og frå barnehagelærar.

Foreldra får tilbod om to foreldresamtalar i løpet av året. I tillegg kan foreldre eller personale be om ekstra foreldresamtale dersom det er aktuelt.

På nokre avdelingar brukar ein dagtavle. Det er ei rekkje med bilete eller symbol for aktivitetane som skal skje i løpet av dagen. Barna får då lettare oversikt over dagen sin.

Aktuelle tema og aktivitetar syner att i utstillingar og presentasjonar på avdelingane.

Barnehagen nyttar observasjons/kartleggingsverktøyet TRAS i høve barna si generelle språkutvikling ved 3 år og ved 5 år.

Barna får kvar sin perm når dei byrjar i barnehagen. Her vert det samla inn minne frå tida i barnehagen som t.d: bilete og teikningar.



Vurdering

Vurdering av dei ulike sidene ved arbeidet i barnehagen er avgjerande for at me kan gå vidare og utvikla tilbodet vårt. Vurderinga må gjerast av dei ulike partane i barnehagen, og vurderinga må setja arbeidet vårt opp mot det som vert pålagt i Lov om barnehage og Rammeplan for barnehagen.

Foreldra deltek i vurdering, gjennom daglege samtalar, i foreldresamtalar og på foreldremøte. Barnehagen nyttar Utdanningsdirektoratet si foreldrevurdering som er open i november- desember kvart år. Foreldra svarar digitalt.

Resultatet vert presentert for FAU og i Samarbeidsutvalet. Det går ut informasjon til alle foreldra om resultatet. Barna skal få høve til å vurdere og påverka kvardagen sin gjennom føringar i Barn sin rett til medverknad. Dei eldste skal ha barnemøte der dei samtalar om både planlegging og vurdering i høve tema og aktivitetar. Me nyttar eit intervjuverktøy som ein finn på www.barnehagetrivsel.no. Dei minste barna kan ikkje fortelja om kvardagen sin på same måte, men me observerer dei kvar dag og brukar observasjonsskjema.

Personalet skal vurdere og reflektere over eigen praksis i barnehagen. Ståstadsanalysen for barnehage er eit godt verktøy der ein får sett på mange sider av det pedagogiske innhaldet og drøfta det opp mot føringar i Rammeplan for barnehagen. Ståstadsanalysen vert gjennomført i barnehagen våren 2023. Resultatet vert drøfta i personalgruppa og dannar grunnlag for neste års satsingsområde og årsplan.

Tilvenning/Overgangar

Overgangar i barnehagen:

Ulvik barnehage legg vekt på at barna skal få gode overgangar mellom avdelingane. Både barn, foreldre og personale opplever gjerne overgangen frå småbarn til storbarnsavdeling som ganske stor.


På storbarnsavdelinga er gjerne personaltettleiken halvparten så stor som på småbarnsavdeling, og barnet er framleis lite.

Personalet startar planlegging av overgangen tidleg om våren, men alt er ikkje på plass før fram mot sommaren. Det er viktig at både foreldre og personale gjer denne perioden litt tid til å «gå seg til».

Barnehagen har laga eige skriv om oppstart og tilvenning i barnehagen og overgangane i barnehagen. Skrivet vert delt ut til foreldre.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggja til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.

Barnehagen skal tilpassa seg rutiner og organisera tid og rom slik at barnet får tid til å verta kjend, etablera relasjonar og knyta seg til personalet og til andre barn. Når barnet startar i barnehagen, skal personalet sørgja for tett oppfølging den første tida, slik at barna kan oppleve tilhørslse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.» Rammeplanen s.33



Tilvenning

Ulvik barnehage legg vekt på å gje barn og foreldre ei god tilvenning ved barnehagestart.

Me legg til rette for at barna skal verta tekne imot på ein trygg og god måte. Barnehagen si anbefaling er at ein brukar minst 3 dagar på tilvenninga, der den fyrste dagen berre er eit besøk saman med foreldra ei kort stund. Dei fyrste dagane i barnehagen bør vera korte, det er lurt å avslutta barnehagedagen før barna syner at «det er nok».

Me tilrår og at barn og foreldre kjem på besøk i barnehagen i juni.

Når me har tilvenning med nye barn, brukar me god tid - den tida som barna treng - på å gjera dei trygge, og ein primærkontakt fylgjer tett barna og foreldra i byrjinga. Me fylgjer dei rutinane barna er vane med i starten, slik at overgangen til «Barnehagelivet» vert så skånsom som mogeleg.

Like viktig som å gjera barna trygge i nye omgjevnader, er det å gjera foreldra trygge.

VÅR ERFARING: TRYGGE FORELDRE = TRYGGE BARN.

Trafikk-tryggleik

Trafikktryggleik i barnehagen

- Trafikkopplæringa til barnehagen vert integrert som ein del av omsorgs og opplæringsarbeidet og vert nedfelt i årsplanen til barnehagen.
- Barnehagen stiller krav til busselskap og drosjar om belte og trafikksikker atferd når me kjøper transporttenester
- Dei tilsette i barnehagen kjenner rutinane for handtering av uventa faresituasjonar og hendingar på turar.
- Barnehagen har utarbeidd rutinar for å vareta tryggleiken på turar til fots og med bil eller kollektivtransport

Rutinar ved inngangsporten til barnehagen:

- Det er kun VAKSNE som skal lukka opp og igjen porten. Ingen barn!
- Barna har ikkje lov å klatra på porten.
- Alle må bruka BEGGE låsane på porten.
- Pass på at du ikkje slepp ut andre barn enn ditt eige.

Samarbeid mellom barnehage og heim

- Barnehagen har rutinar for å vareta tryggleiken til barna ved parkeringsplassen og porten til barnehagen. Desse rutinane vert gjennomgått årleg med foreldre og tilsette.
- Barnehagen oppfordra foreldre til å sikra barna på veg til og frå barnehagen.
- Trafikktryggleik og trafikkopplæring er årlege tema på foreldremøte.

Trafikkopplæring i barnehagen

- Barna lærer trafikkreglane for fotgjengarar
- Barna lærer å bruka sansane sine i trafikken
- Barna lærer å bruka bilbelte, sykkelhjelm og refleks





August 2022

Velkommen til nytt barnehageår!

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 31 1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
Veke 32 8.	9. 	10.	11.	12.	13.	14.
Veke 33 15.  Planleggingsdag Barnehagen stengt	16. Planleggingsdag Barnehagen stengt	17. Planleggingsdag Barnehagen stengt	18. Fyrste dag i nytt barnehageår!	19.	20.	21.
Veke 34 22. 	23. 	24.	25.	26.	27.	28.
Veke 35 29. Nasjonal lusekampanje	30. TurboTråkk Personalmøte	31.				

Nærmiljø og samfunn

Gjennom året tek me føre oss ulike tema som:

- Nasjonal brannvernveke der brannførebuande tiltak er i fokus
- Miljøveker vår og haust (planting og hausting i eigen «kjøkken hage»)
- Kulturveka med markering av FN-dagen
- Markering av Samefolkets dag
- Markering av 17.mai
- Me samtalar og om andre internasjonale dagar og høgtider
- Jolegateåpning. Barnehagen bidreg med utstilling i høve «pepperkakebygda»

«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjera barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsituasjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrse til nærmiljøet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskuterte og få gryande kjennskap til menneskerettane. «

Rammeplanen s.55 og 56.)



Turar som vert nytta i nærområde er :

- «Lavoskogen» ved miljøstasjonen
- Holmen/ Idrettsbanen
- Fuglekikkarhytta
- Forskjellige gardar for gardsbesøk
- Frukthagen
- Gauro (prosjekt for Vettane)
- Biblioteket.
- Speidarhytta
- Tunheim. På Tunheim er det satt opp eit grindabygg i regi av 4H og Haugesenteret, som kan nyttast av besøkande.
- Åsen. Der ligg bygda si nye dagsturhytte som har fått namnet Solhaug.

Barnehagen har eit godt samarbeid med Haugesenteret, der alle avdelingar gjerne vert invitert til å delta i ulike tema og prosjektarbeid som vert utstilt på td:Torgdag, Poesifestival osv.

A decorative graphic of various autumn leaves in shades of orange, yellow, and red, arranged in a horizontal cluster.

Hugs á legg det inn í Visma innan 23 september 😊

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 35 Nasjonal lusekampanje			1.	2. 	3.	4.
Veke 36 5. Nasjonal kampanje mot mobbing	6.	7.	8. 	9.	10.	11.
Foreldremøte						
Veke 37 12. 	13.	14.	15.	16.	17.	18.
Veke 38 19.  Nasjonal brannvernveke 110 - i et brenn i eit hull 112 - i juven må på do 113 - i g har vondt i mitt kne	20.	21.	22.	23. Svarfrist haustferie	24.	25.
						

Veke 39

26.

Miljøveka

27. Personalmøte Epledagen	28.	29.	30. Haustfest		
----------------------------------	-----	-----	------------------	--	--

Natur, miljø og teknologi del 1

Grønt flagg

Ein Grønt Flagg-sertifisering sikrar at barnehagen vert involvert i praktiske og miljøopplærande aktivitetar som engasjerer. Det er kun fantasien som sette grenser for miljøsatsninga i barnehagen.

Grønt Flagg er eit effektivt verkemiddel for å innføra kontinuerlig miljøundervisning og læring for bærekraftig utvikling i barnehagen. Gjennom 7 enkle kriterier og ein tematisk tilnærming bidrar Grønt Flagg-programmet til at barna, dei ansatte og nærmiljøet involverast i aktive og praktiske tiltak som bidreg til å fremja og konkretisere fokuset på ein bærekraftig utvikling no, og i framtida.



»Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at

Barna:

- opplever og utforskar naturen og naturens mangfald
- oppleve, utforska og eksperimenterer med naturfenomen og fysiske lover
- får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen

•får kunnskap om dyr og dyreliv

•lager konstruksjonar av ulike material og utforskar moglegheiter som ligger i reiskap og teknologi

Personalet skal:

•Leggja til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruka naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring

•Gje barna tid og anledning til å stilla spørsmål, reflektera og lage eigne forklaringar på problemstillingar, og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd»

Rammeplanen s.52 og 53

Kjøkkenhagen

I den nye kjøkkenhagen vår med ni pallekarmar som me har langs gjerdet, skal me blant anna dyrka: poteter, purre, mais, små agurkar, tomater, sukkererter, reddik, squash, lauk, gulerøter, grønkål

Oktober 2022

Foreldresamtalar



Måndag.	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 39					1.	2.
Veke 40 3.	4. 	5.	6.	7. 	8.	9.
Veke 41 10. <i>Haustferie i grunnskulen</i>	11.	12.	13.	14.	15. 	16.
Veke 42 17.	18.	19.	20. Refleksdag 	21.	22.	23.
Veke 43 24. FN-DAGEN 	25. Personalmøte	26.	27.	28.	29.	30.

Veke 44

31.

Natur, miljø og teknologi del 2



Salaby er eit digitalt læringsunivers for barnehagar. På Salaby.no finn du ei mengde ressursar. Salaby redaksjonen utgjer eit kreativt miljø i Gyldendal. Her jobbar pedagogar, designarar, illustratørar, programmerarar og tekstforfattarar tett saman for å nå ein felles målsetjing om at læring skal vera kjekt. Alt innhald i Salaby støttar rammeplanen for barnehagen. Gjennom aktivitetar, filmar, spel og oppgåver blir barnehagebarna tekne med inn i eit univers som er utvikla i djup. Ved å vektleggje bruk av humor, varme og meistringskjensle skaper Salaby begeistring hjå barn og vaknse over heile landet.

I barnehagen jobbar me med teknologi gjennom digitale verkty som til dømes nettbrett og smartboard. Tre av avdelingane har smartboard, på stor barns avdeling vert denne nytta til dagtavler, film, dokumentarar, Salaby mm.

«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. I samband med bruk av digitale verktøy skal personalet vere aktive saman med barna. Samtidig skal digitale verktøy brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium.»

Rammeplanen s.44 og 45

Kvifor er teknologi viktig i barnehagen?

Arbeide med teknologi i barnehagen er forankra i Rammeplanen. Å la barn få skapa noko er naturleg og skapar engasjement hjå dei. Ved å leggja til rette for dette er barnehagen med på å leggja grunnlaget for kreativitet og skapande menneskjer for framtida. Vidare er det viktig å bevisstgjera barn på kva for innverknad teknologien har på oss menneskjer og samfunnet vårt, og i kva grad teknologien me omgjev oss med har eit berekraftig livsløp.




November 2022



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 44	1.	2.	3.	4.	5.	6.
Veke 45 7.	8.	9.	10.	11. BlimE dagen 	12.	13.
Veke 46 14. Planleggingsdag Barnehagen stengt	15.	16.	17.	18.	19. 	20. 
Veke 47 21. 	22.	23.	24.	25.	26.	27.
Veke 48 28.	29. Personalmøte	30.				

Inkluderande barnehagemiljø



- I 2020 byrja Ulvik barnehage på eit omfattande nettbasert kompetanseutviklingsprogram, Barnehagemiljø og krenkingar. Kurset skulle ha gått over 3 semester, totalt 1,5 -2 år. Det siste barnehageåret har det dessverre ikkje vore gjennomførbart. Me byrjar på igjen denne hausten. Dette kjem til å vera eit gjennomgående tema på personalmøta.

Nettkurset har som formål å utvikle kompetansen i barnehagar, hos barnehageeigar og barnehagemyndighet, slik at barnehagen oppfyller si plikt i tråd med barnehagelova til å:

- ivareta barnas behov for omsorg
- lære barna å ta vare på seg sjølve og kvarandre
- bidra til trivsel
- Vera ein trygg stad for fellesskap og venskap
- motarbeida alle former for diskriminering

Kurset skal bidra til at barna, i tråd med barnekonvensjonen, får oppfylt sin rett til

- vern mot diskriminering
- vern og omsorg som er nødvendig for trivsel
- å verta høyrd og sett
- bli teken vare på

Rammeplanen går lengre enn barnehagelova i sin omtale av krenkingar i barnehagen. Kurset skal bidra til førebygging og handtering i tråd med rammeplanen.

- Barnehagen skal bidra til barna sin trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og førebygge krenking og mobbing. Om eit barn opplever krenking eller mobbing, må barnehagen handtere, stoppe og følgje opp dette
- Personalet skal førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre



Me går vidare i nettverktøyet og fylgjer oppsett og program som ligg der med temaforelesingar, gruppeoppgåver og individuelt arbeid.

Dette vert gjort på planleggingsdagar, personalmøte, avdelingsmøte og noko individuelt arbeid.

Tidsplan:

August: Ferdigstilling av arbeidet med observasjon.

September - oktober: Teori og arbeid felles og på avdelingane med barnesamtalar.

November: Teori og arbeid med foreldresamtalar.

Januar: Tilstandsvurdering, analyse og tiltaksutvikling.

Februar- mars: Arbeid med analysearbeid i høve foreldreundersøking og barneintervju, barnehagetrivsel.no

April - mai: Oppsummering og avslutning av Modul 1. Evt. Introduksjon og oppstart av Modul 2

Desember 2022



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 48			1.	2. 	3.	4.
Veke 49 5.	6.	7.	8.	9.	10.	11.
Veke 50 12.	13. Lucia 	14.	15. Nissefest 	16.	17.	18.
Veke 51 19.	20.	21.	22.	23.	24. Jolafta	25. 1.Joledag
Veke 52 26. 2.joledag Barnehagen stengt	27.  Barnehagen stengt	28. Barnehagen stengt	29. Barnehagen stengt	30. Barnehagen stengt	31. Nyttårsafta	

Me ynskjer små og store ei re tteleg god jol, og alt godt i det nye året!

Høgtider i barnehagen

Barnegruppa består av stort mangfald og me inkluderer deira høgtider ved markering i barnehagen. Dette gjer me gjennom kunst, kultur og kreativitet. I samling skaper me rom for gode dialogar og undring

Markering av kristendom:

- Jul
- Påske

Markering av Islam:

- Id-al-Adha
- Id-al-fitr

Det er og spanande å utforska ulike høgtider uavhengig av korleis barnegruppa er samansatt.

Som til dømes:


Hinduismen: Holi

Buddhismen: Veska

Me skal arbeida med filosofiske samtalar saman med borna. Dette utviklar tankane deira.







«Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.»–
Rammeplanen 54



«Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.»
Rammeplanen s.54

Januar 2023



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 52						1. 1. Nyttårsdag
Veke 1 2.	3.	4.	5.	6.	7.	8. 
Veke 2 9.	10.	11.	12.	13.	14.	15.
Veke 3 16. 	17.	18.	19. 	20.	21.	22.
Veke 4 23.	24.	25.	26.	27.	28.	29.
Veke 5 30.	31. Personalmøte					

Eventyr

Tradisjonen tru vil me i februar ha eventyr som tema. Det er felles for heile barnehagen. Dette er for å fremja kulturformidling, identitet og mangfald.

På småbarnsavdelingane har me fokus på små og enkle eventyr som er lette for barna å forstå. Me vil formidla enkle eventyr ved hjelp av figurar, dokker, enkel dramatisering og bordspel. Av og til brukar me plakat med illustrasjon frå kvart eventyr som vert hengt opp i gangen på avdelinga. Me har òg ei eventyrkorg, og oppi der er det som skal illustrera eventyret som skal formidlast.

På dei store avdelingane har me gjerne meir fokus på litt lengre, større, og gjerne fleire eventyr. Me dramatisera, ser på film, les eventyr, diktar eige eventyr, teiknar og brukar konkretar og mykje meir. Barna deltek aktivt og er undrande.

Karneval

I Ulvik barnehage ynskjer me å ha fokus på tema under karnevalet som er i februar. Dette fordi me ynskjer å minska kjøpepresset, det er meir berekraftig, og det minskar synleggjering av skilnader. Me ynskjer difor at barna ikkje kjem i kostymer denne dagen. På Veslefrikk og Gråtass har det vore vanleg med pysjparty. Her kjem barn og vaksne kledd i pysjamas. På Askeladden og Tyrihans har det vore ulike tema. Dei kjem tilbake med tema etter kvart.



«Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at borna møter eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer. Vidare står det at personalet skal bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer.»

Rammeplanen s: 48

Februar 2023




Skal de ha vinterferie?

Hugs å leggja det inn i Visma innan
3.februar.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 5		1.	2. 	3. Svarfrist vinterferie	4.	5.
Veke 6 Samefolket sin dag 	7.	8.	9.	10.	11.	12.
Veke 7 13. 	14.	15.	16. 	17. 	18.	19.
Veke 8 20. 	21. Hans Majestet Kongen 86 år 	22.	23.	24.	25.	26. Fastelavn
 Vinterferie i grunnskulen	27.	28. Personalmøte 				

Leik




Mars 2023



Tilbod om foreldresamtalar

Skal de ha påskeferie?

Hugs å leggja det inn på Visma innan
10.mars!

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 9		1.	2.	3.	4.	5.
Veke 10 6. 	7. 	8.	9.	10. Svarfrist påskeferie!	11.	12.
Veke 11 13.	14. Barnehage- dagen?	15.	16.	17. Planleggingsdag Barnehagen stengt	18.	19.
Veke 12 20.	21. Rockesokk- dager 	22.	23.	24.	25. 	26.
Veke 13 27.	28. Personalmøte	29.	30.	31. Påskefrukost/ Foreldreakaffi		

Leik



Å leika er eit mål i seg sjølv.

Barn leikar fordi det er morosamt å leika!

Å leika er ein grunnleggjande rett barna har. «Rett til å leika og rett til nokon å leika med».

Leik er frivillig og har sjølvleikeaktiviteten som hovudmål. Leik er barna si mest typiske uttrykksform. Leiken skil seg frå all anna verksemd ved at det er ein spontan og skapande prosess som er styrt av barnet sjølv. Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen. Leiken har mange uttrykksformer og kan føra til forståing og vennskap på tvers av alder og språkleg og kulturell ulikskap. Eit leikefellesskap legg grunnlaget for venskap. Å få delta i leiken og få vener er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt. I samhandling med kvarandre blir grunnlaget for læring og sosial kompetanse lagt. På den andre sida kan makt og utestenging i leiken hindra venskap og gode relasjonar.

Barn lærer og utviklar ein samansett kompetanse gjennom leiken. Ved å «late som» går barn inn i si eiga førestellingsverd, tek perspektivet til andre og gjer form til tankar og kjensler. Gjennom utforsking og samtale om verda og fenomen skaffar dei seg kunnskap og innsikt på mange område.

Leik med den fysiske verda både ute og inne inneber utforsking og bearbeiding av inntrykk.

I rolleleiken spelar kommunikasjonen ei sentral rolle. Opplevingar, forteljingar og nye røynsler er med på å gje næring til leik og til å utvikla leiken vidare.

Vaksenrolla i leik: Barn påkallar ofte dei vaksne si merksemd når dei leiker. - Sjå på meg! ropar barnet når det huskar høgt eller kjem i god fart ned "sklia." Då er det nettopp det barnet ynskjer: at det skal verta sett og bekrefta av den vaksne. Parallelt med at barna er oppteken av og brukar tid saman med kvarandre i leik, ynskjer dei iblant å involvera vaksne i leiken. Når ein vaksen deltek i leik, vert forholdet mellom den vaksne og barnet for ei stund prega av ein symmetri som er annleis enn i kvardagen elles. Det er og viktig at leiken skjer på barnas premisser og at den vaksne respekterer barnas intensjonar. Den vaksne skal støtte barna i leiken og vera tilgjengeleg til ei kvar tid.

Kjelde: Udir



April 2023

Tilbod om
foreldresamtalar



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 13					1. 	2.
Veke 14 3. <i>Påskeferie i grunnskulen</i>	4.	5.½ dag. Barnehagen stengjer klokka 12.00	6. Skjærtorsdag Barnehagen stengt	7. Langfredag Barnehagen stengt	8. Påskeafta	9. 1. Påskedag
Veke 15 10. 2. Påskedag Barnehagen stengt	11.	12.	13.	14.	15.	16. 
Veke 16 17.	18.	19.	20.	21. 	22.	23. 
Veke 17 24.	25. Personalmøte	26.	27.	28.	29.	30.

Verdiar

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi og barnehagen skal ha ei heilskapelig tilnærming til barna si utvikling.

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdier som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremja demokrati, mangfald, og gjensidig respekt, likestilling, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse. Rammeplanen s.7

Danning

Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgåver slår fast at barnehagen skal fremje danning. I dette ligg mellom anna at barnehagen skal bidra til at borna vert nyfikne til omverda og arbeide for, og leggje grunnlaget for at borna utviklar modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i eit demokratisk fellesskap. Vi skal vektleggje samhald og solidaritet, synleggjere og framheva ulikskap og mangfald. Dette inneber mellom anna at barna i barnehagen skal støttast i å uttrykkje sine synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Barna skal lyttast til, takast på alvor og oppleve at dei sjølve er viktige for fellesskapen.

Relasjon Vaksne-Barn

- Tid og rom for leiken
- Sjå og anerkjenna kvart enkelt barn
- Gje rom for barns medverknad
- Leggja grunnlaget for ein god dag

Relasjon Tilsette-Foreldre

- Gjensidig respekt
- God og imøtekommande kommunikasjon
- Vera ein inkluderande arena for alle føresette
- Unngå lojalitetskonflikt mellom barnehage/heim



Relasjon Tilsette-Tilsette

- Gjensidig respekt
- Vera lojal og ha ei demokratisk personalgruppa
- Ha eit inkluderande fellesskap
 - Fremja likeverd og likestilling
- Vera gode og tydelege rollemodellar

Relasjon Barn-Barn

- Barna er med på å utforma gode reglar for samhandling seg i mellom.



Mai 2023



Hugs å leggja inn
sommarferie i Visma
innan 2.mai.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 18 1.Mai. Barnehagen stengt	2. Svarfrist. Sommerferie	3.	4.	5.	6.	7.
Veke 19 8. MILJØVEKA	9.	10.	11.	12. Nynorsk- dagen	13.	14.
Veke 20 15.	16. 17.mai markering i barnehagen	17. Mai HIPP HURRA 	18. Kristi himmelfartsdag Barnehagen stengt	19. 	20.	21.
Veke 21 22.	23.	24.	25.	26. 	27.	28
Veke 22 29. 2.pinsedag Barnehagen stengt	30. Personalmøte	31.				

Barn sin medverknad

Barna har rett til å få gje uttrykk for si meining om kvardagen i barnehagen. Personalet må leggja til rette for at barna deltek i planlegging og vurdering av aktivitetar. Personalet skal vera medvitne på dei ulike uttrykksmåtarne barn har, og leggja til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaringar og dei føresetnader barna har.

I Ulvik barnehage har Askeladden og Tyrihans samlingar der barna vert tekne med i planlegging og vurdering. Veslefrikk og Gråtass arbeider meir i høve observasjon av barna sitt kroppsspråk og merkar godt om og når aktivitetar fengjer dei små.

Slike observasjonar er viktige for alle aldersgrupper, og er ein viktig del av personalet sitt grunnlag for planlegging og tilrettelegging av pedagogisk og praktisk arbeid.

Dei eldste barna deltek i barnesamtalar med ein vaksen det siste året i barnehagen.



Barna kan medverka i barnehagekvardagen på ulike måtar i dei sakene dei forstår konsekvensane av vala dei gjer.

Personalet er merksame på å ta barna sin medverknad på alvor. Det føreset god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.

*Personalet skal ta utgangspunkt i barna sine erfaringar, interesser og synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet i barnehagen og ved val og gjennomføring av aktivitetar.
Rammeplan s. 43.*



Juni 2023

REGNBOGEMÅNAD



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 22			1.	2.	3.	4.
Veke 23 5.	6.	7.	8. Vetteavslutning?	9. 	10.	11.
Veke 24 12.	13.	14. 	15. 	16.	17.	18. 
Veke 25 19. 	20.	21.	22.	23. Sommarferie i grunnskulen	24.	25.
Veke 26 26. Sommarferie i grunnskulen	27. 	28.	29.	30. 		

Språkleg kompetanse




Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for språkutvikling. Samhandling gjennom kroppsspråk og leik med lydar er ein vesentleg del av måten barnet nærmar seg andre menneske på. At vaksne oppfattar og stadfester uttrykket til barnet og samtidig set ord på inntrykka og opplevingane, er avgjerande for korleis talespråket utviklar seg vidare. Morsmålet er viktig for opplevinga av eigen identitet og meistring på mange område. Eit godt utvikla morsmål er ein grunnleggjande føresetnad for den vidare språklege utviklinga, også når det gjeld skriftspråk og leseforståing. Barnehagen skal støtte at barna brukar morsmålet sitt og samtidig arbeida aktivt med å fremje den språklege kompetansen til barna. Samtalar, høgtlesing og varierte aktivitetar er viktig både i barnehagekvardagen og heime.

Barnehagen skal hjelpa barna til å utvikla alle sider ved språket sitt, det verbale og det kroppsslege. Me skal leggja til rette for at barna blir kjent med forteljing, bøker, songar og at dei sjølve får utvikla si evne til å uttrykkja seg gjennom språket. Dette fagområdet er gjennomgåande i alle aktivitetar barnehagen har.

Me nyttar ulike verkty som: Grep om begrep, Bravo, Grøne tankar, glade barn mm.


Kjelde: Rammeplanen





Juli 2023



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 26					1. 	2.
Veke 27 3.	4.  Hennar Majestet Dronningen 86 år. 	5.	6.	7.	8.	9. 
Veke 28 10.	11.	12.	13.	14.	15.	16.
Veke 29 17.	18. 	19. BARNEHAGEN FERIESTENGT	20. 	21.	22.	23. 
Veke 30 24. 	25. 	26. BARNEHAGEN FERIESTENGT	27. 	28. 	29.	30.
Veke 31. 31.						

ULVIKA-SONGJEN

Ho løyne seg så bljug burtum viddo i vest
ei venare ingjensta eg minnest,
Frao floarmaol te fjelltrom ho
budde seg te fest
Å finare buna injke finnest.
Me` kodlane sto skaute i rekkje å ra
å krotasylle sildra frao upser å sva
å fjorden la seg glodren å glitra.

Å solæ gav seg stunder å tøydde seg ned
Te da so sku` livna å sku` spretta.
Naor kvelda-råen minka tok nutane te
Å vørmdde um da so skulde vetta.
Men lenger ut pao nottæ dei ok seg i hop,
dei tottest fudla høyra eit kvinkande rop
um livd fy dei vonar va vekte.

So ok da te å bløma i hagje å li,
Eit hildrande fargabrigde fløymde
Me'Folgefonnæ speglende syllkaopo si
Å Onen i solaglimen drøymde.
Frao Seljestad te Moo, frao Steine te Sæ
Sto gjemen ifrao bakkar, frao bøar å tre
I traøe ette live å jiddra

Å ingjensta va kviddren i rinde å kjos
so kaote å fuglane so sæle,
Å ingjensta va susen or elv elde os
so djupe å løyndafudl i mæle,
å himmelen so høge, å lukte so blao,
å venene so goe, å sutena so smao,
å tankane so heile å reine.

Å mangje ha du ale, å mangje laut ut
d'æ ymist ein helste skulde gløyma,
Men minnelsar um ålvår, um sakna å sut
Kan henda ein helste skulde gjøyma.
Um via eg har færast, um væræ æ vi
So va du å so vette du heimbygdæ mi
Um sjøle eg so heimløyse vanka

-Magnus Hydle-



August 2023

VELKOMEN TIL NYTT BARNEHAGEÅR!



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veke 31	1.	2.	3.	4.	5.	6.
Veke 32	8.	9.	10.	11.	12.	13.
7.						
Veke 33	15.	16.	17.	18.	19.	20.
14.						
Planleggingsdag Barnehagen er stengt	Planleggingsdag Barnehagen er stengt	Planleggingsdag Barnehagen er stengt	Første barnehagedag i nytt barnehageår			
Veke 34	22.	23.	24.	25.	26.	27.
21.						
Veke 35	29.	30.	31.			
28.						

NB: PLANLEGGINGSDAGANE ER IKKJE HEILT
FASTSATT ENDA. KAN KOMA ENDRINGAR!



